

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 07.05.2019

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen til lære. Elevane som går ut i frå Vg2 skal vere kvalifiserte fagleg og sosialt og ha dei kvalifikasjonane arbeidslivet etterspør og med det vere tilsettingsklare for læreplass.
2. Det må settast av ressursar som kan støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2.
3. Dei system og det verktøy som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære», skal implementerast i skulane for å systematisere skulane sitt arbeid med identifisering, kartlegging og oppfølging (IKO) fram mot læreplass